

Kandidatar også her til draumestipend?

16.01.2014

Har også Uskedalen aktuelle kandidatar til Draumestipendet for 2014? I alle fall er jakta på gode kandidatar igang også i vår kommune, og fristen er 1. februar. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk Tipping og Norsk kulturskoleråd og kulturskulerektor Rolf Lothe er ansvarleg for nominasjonen i Kvinnherad. Alle som vil verta vurdert til eit stipend på 10 000 kroner må snarast ta kontakt med kulturskulen

Hundre utøvarar får stipend kvart år og det er i år utdeling for 11. gong. Den einskilde kommune kan no nominera inntil 6 kandidatar i ulike kategoriar.

290 kommunar fremja kandidatar i fjor og mottakarar er barn og ungdom inntil 20 år. Mottakarar og nominerte skal få motivasjon til å utvikla seg vidare.

Kategoriane er dans, musikk, skapande skriving, visuell kunst og anna.

I fjor kom det inn søknadar frå 6 utøvarar i vår kommune og 5 av dei var innan musikk og ein innan dans,

Av Ola Matti Mathisen